

## Planprogram for samfunnsdel til kommuneplanen

Samandrag av innkomne merknader etter høyring og offentlig ettersyn i perioden 27.01.2014 – 15.03.2014 med rådmannens vurdering.

Nr.	Frå	Gjeld	Vurdering
<a href="#">93</a>	Rådet for funksjonshemma og eldrerådet	Meiner råda bør vere sjølvskrivne i referansegruppa.	Formannskapet vedtok 23.01.2014 at begge råda vert representert i referansegruppa og dette vart innarbeidd i planprogrammet før høyring.
<a href="#">97</a>	Kystverket	Ingen merknader til planprogrammet. Informerer generelt om Kystverket, Hamne- og farvasslova, nasjonale forventningar til kommunal planlegging, nasjonal transportplan og tilskot til fiskerihamner.	Dette vert teke til etterretning.
<a href="#">98</a>	Statens vegvesen	Minner om at dei rikspolitiske retningslinene for samordna areal- og transportplanlegging bør leggjast til grunn i planarbeidet.	I planprogrammet er det lagt vekt på ei oversiktleg framstilling utan for mange detaljar. Når det gjeld statlege føringar er regjeringa sitt forventningsdokument framheva, og i dette dokumentet er hovudprinsippa frå RPR for samordna areal- og transportplanlegging teke med. Det finst også fleire andre RPR'ar og kommunen har ikkje tenkt å oversjå dei. Det vert lagt til eit kulepunkt i planprogrammet for rikspolitiske retningslinjer.
<a href="#">100</a>	Fylkesmannen i Hordaland	<ol style="list-style-type: none"><li>1. Meiner planprogrammet er noko utydeleg og at disposisjonen for planen bør utdjupa dei ulike punkta. Viser til vedteken planstrategi med tydelege prioriterte tema og saknar ei klarare opplisting av kva tema som skal prioriterast i planarbeidet.</li><li>2. Stiller spørsmål ved korleis strategiar frå samfunnsdelen som gir føringar for arealdisponering i kommunen er tenkt kopla til arealplanarbeidet. Planprogrammet bør ta opp og vise korleis ein løyser utfordringane med å sikre ei god kopling mellom dei to delane av kommuneplanen.</li><li>3. Det vert forventa at folkehelsearbeidet blir prioritert i planarbeidet. I dette tilfellet er ikkje dette synleggjort ved å vise til det obligatoriske oversiktsdokumentet i grunnlaget for planprogrammet og kommuneplanen. Ein har berre vist til kommunehelseprofilen til Folkehelseinstituttet.</li></ol>	<ol style="list-style-type: none"><li>1. Det går klart fram av planprogrammet at dei 24 utfordringane i planstrategien er ein vesentleg del av grunnlaget for ny samfunnsdel. Disposisjonen er tilpassa den konkrete plansituasjonen og har difor har ikkje same inndeling som planstrategien, men alle tema vert dekt. Ny samfunnsdel skal haldast på eit overordna nivå, og dette vert også spegla i planprogrammet ved at ein har valt å ikkje utdjupa eitkvart tema. Dette er i tråd med departementet sin rettleiar som understrekar at planprosessen skal vere gjennomførbar innan rimeleg tid og med akseptabel ressursbruk. Planprogrammet vert ikkje endra på dette punktet.</li><li>2. Dei to planarbeida vert gjennomført parallelt med same styringsgruppe og i hovudsak same personar som leier det praktiske arbeidet. Føringane frå samfunnsdelen vil ha eit langsiktig perspektiv, medan rulleringa av arealdelen i denne omgang er primært ei teknisk oppdatering. Det vert lagt til eit avsnitt i planprogrammet som forklarar dette.</li><li>3. Eit slikt oversiktsdokument vert venteleg utarbeidd i løpet av 2014, og med god framdrift er det håp om koordinera det arbeidet med utarbeiding av samfunnsdelen. Det vert lagt til ei forklaring om dette, det vert lagt til eige målområde for folkehelse i disposisjonen og kommunen sin folkehelsekoordinator vert deltakar i prosjektgruppa for planarbeidet.</li></ol>

<a href="#">101</a>	Folkehelsekoordinatoren og kommuneoverlegen	<ol style="list-style-type: none"> <li>Ønsker at det under <i>Nosituasjon</i> i avsnitt 2 kjem fram at det kom ny folkehelselov i 2012 og at den legg føringar for planarbeidet.</li> <li>Vil ha eige punkt med overordna mål for folkehelse i plandokumentet, og føreslår at dette kjem under pkt. 3.2 <i>Verdiar</i>.</li> <li>Ber om at rettleiaren <i>Folkehelse og kommuneplanlegging</i> med tilhøyrande momentliste vert lagt til grunn for planarbeidet.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Dette vert lagt til.</li> <li>Det vert lagt til eit slikt punkt i måldelen av planen (punkt 4).</li> <li>Rettleiaren vil verte nytta i planarbeidet, men den vert ikkje lista opp i planprogrammet av di det finst svært mange tilsvarande dokument for dei fleste andre tema i planen. Ei uttømande liste vil ta fokus vekk frå ønsket om ei oversiktleg og overordna framstilling.</li> </ol>
<a href="#">102</a>	Direktoratet for mineralforvaltning	Har ingen kommentarar til planprogrammet.	Dette vert teke til etterretning.
<a href="#">103</a>	Fusa kommune	Har ingenting å merkja.	Dette vert teke til etterretning.
<a href="#">104</a>	Noregs vassdrags- og energidirektorat	Har ingen innspel til planarbeidet.	Dette vert teke til etterretning.
<a href="#">105</a>	Hordaland fylkeskommune	<ol style="list-style-type: none"> <li>Planprogrammet er oversikteleg og godt disponert og det kjem tydeleg fram kva som er føremåla med planarbeidet.</li> <li>På bakgrunn av det tidlegare arbeidet med planen er ein kort og formell prosess med god og brei representasjon er ei akseptabel og effektiv løysing.</li> <li>Ber om at planarbeidet vektlegg følgjande tema: Senter- og tettstadutvikling, samferdsel, klima og energi, folkehelse og næring.</li> <li>Minner om at kommunen må leggja til grunn Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging og må ta særleg omsyn til mål og strategiar, retningslinjer m.m. i regionale planar og innarbeida eller ta omsyn til slike.</li> <li>Det er under arbeid Regional plan for attraktive senter i Hordaland. Planen kjem på høyring i juni og kommunen bør leggja vekt på høyringsforslaget i planarbeidet.</li> <li>Samferdsle: minner om at det er viktig å leggje til rette for gode lokalsentre og tettstader som i størst mogleg grad er knytt saman med kollektivpunkt og sykkel- og gangvegar.</li> <li>Regional klima- og miljøplan for Hordaland er no på høyring og må leggjast til grunn i planarbeidet.</li> <li>Regional plan for folkehelse må leggjast til grunn for planarbeidet.</li> <li>Regional næringsplan for Hordaland «Næring til fortrinn» har mål og strategiar som og gjeld kommunane og må leggjast til grunn i planarbeidet.</li> <li>Deltek gjerne i vidare samarbeid. Regionalt planforum kan nyttast til drøfting av planutkast før offentleg høyring.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Dette vert teke til etterretning.</li> <li>Dette vert teke til etterretning.</li> <li>Alle desse temaa kjem til å utgjera viktige delar av planen. Senter, tettstader og ruralitet vert lagt til for å tydeleggjera lokalsamfunnstemaet i disposisjonen. Folkehelse får eige kapitel. Berekraft, samferdsle og næring er allereie godt framheva.</li> <li>Det går fram av planprogrammet at Nasjonale forventningar og regional startpakke utgjær vesentlege føringar for planarbeidet. Det vert lagt til ein bisetning om at dei skal leggjast til grunn for å gjere dette enda tydelegare.</li> <li>Dette er ei særskild viktig tema i planen. Kommunen vil forhalda seg til høyringsforslaget når det ligg føre.</li> <li>Det er kommunen samd i. Disposisjonen har måltema som fangar opp desse problemstillingane.</li> <li>Berekraft er prioritert tema i planen. Kommunen vil leggja til grunn dei regionale planar som for tida er gjeldande, planar på høyring vert vurdert undervegs.</li> <li>Gjeldande planar vert lagt til grunn. Kommunen vonar at fylkeskommunen legg denne og andre, nye planar til i si regionale startpakke.</li> <li>Planen er del av regional startpakke, og vert såleis lagt til grunn for planarbeidet.</li> <li>Om det er praktisk mogleg vil kommunen sjølv sagt drøfta planframlegget i regionalt planforum.</li> </ol>